



Fridom for alle!

Taler

Oddny Miljeteig

Dato

1 mai 2015

Sted

Torgallmenningen, Bergen

- 1 Kameratar, gratulerer med arbeidarrørslas internasjonale kampdag!

5 Ta dei raude flagga i syn, ta fagforeiningsfanene i syn -- i dag sameinest me over heile verda. Utan arbeidarrørsla vil alltid dei mest omsynslause arbeidsgjevarane vinna!

- 10 La oss helsa bryggesjauarane og Norsk Transportarbeidarforbund som framleis kjempar ein knallhard kamp for faglege rettar og mot at rederia skal kunna driva sosial dumping i norske hamner. Hamnearbeidarane i Noreg er den landbaserte skansen for eit verdig arbeidsliv. Kameratar, hamnearbeidarar skal utføra hamnearbeidarane sitt arbeid -- ferdig snakka!

- 15 Kameratar, aldri har det vore stuttare frå nordlege nord til sørlege sør. Ved Middelhavets strender møtest våre vegar, flyborne nordmenn i solsenger -- og våre brør og systrer frå Libya, Syria, Somalia i utrangerte holkar transporterte av dei mest skruppellause menneskehandlarar som aldri har lånt flyktningars liv ein tanke. No skal Erna Solberg etterkvart senda skip til å styrkja Triton, EUs grensekontroll -- medan døde medmenneske driv i land på Lampedusa.

- 20 På solidaritetsdagen krev me:

Noreg må NO stilla til rådvelde skip til bergingsaksjonar, ikkje grensepatruljar i Middelhavet. Høyr på Rederiforbundet: La sjøfolka få berga liv!

- 25 Noreg må auka innsatsen der flyktningane kjem frå og er -- og: Stortinget må ikkje pingla ut, men ta imot dei 10.000 kvoteflyktningane frå Syria som FN ber oss om!

Skam på regjeringa -- som ikkje eingong vil ta imot dei afghanske kamptolkane

utan å trekkja av på flyktningekvoten Noreg har lova FN!

Skam på regjeringa, som ikkje vil anerkjenna Palestina. SV meiner
boikottaksjonar er like viktige mot apartheidstaten Israel i 2015 som me meinte i
35 2005, innanfor eller utanfor regjering! Ta kampen for eit fritt Palestina!

Kameratar, internasjonal naud heimsøkjer vår by. Europas filleproletariat knelar
i våre gater, samlar flasker i våre gater, overnattar i hus spekulantar har sett til
nedfalls. EUs krisepolitikk har omskapt Europa til eit hav av arbeidsløyse og
40 gjort om inkje velferdsordningar og kollektive rettar på marknadsliberalismens
alter. EØS-avtalen invaderer det norske folkestyret som abonnement på
Høgrepolitikk. Og i bakrommets mørker lurar forhandlingane om
«hallemakane» TTIP og TISA i nye kapittel om kapitalen som trumfar
folkestyret: Ein gong privatisert -- alltid privatisert! Kameratar, dette må ikkje
45 verta Noregs og Europas framtid!

Frå fagbevegelsens talarstol påkallar eg solidariteten for dei fire av ti norske
uføretrygda som fekk kutta sine månadlege inntekter frå årsskiftet. Med helsing
Høgre, FRP, Venstre og KrF. Frå fagbevegelsens talarstol påkallar eg
50 solidariteten for sosialhjelpsmottakarane i Bergen, som Høgrebyrådet har kutta
inntektene til -- bustøttemottakarane som byrådet vil rasera bustøtta til!

Frå fagvegelsens talarstol påkallar eg solidariteten med bergenske småborn som
vert kasta ut or barnehage og SFO -- straffa avdi foreldre ikkje maktar å betala.
55 No tek SV saka til Stortinget -- me slåst for barnets beste! For det er barnets
beste som gjeld -- for alle born, også asylborna, sjølv om Stortingsfleirtalet har
devaluert «asylbarn» frå å vera eit barn som har vore tre år i Noreg til krav om
fire års opphald. I den humane asylpolitikkenes namn: Tre år er lenge nok! Hent
Shaimaa heimatt frå Jemen, hent «lagerborna» heimatt frå Afghanistan!

60 Her vest er me Gullkysten som skaffar Noreg eksportinntektene, baserte på olje
og fiskeoppdrett. Berekraftig er ikkje Gullkysten, og snur me oss ikkje om på
tikroningen, kan Gullkysten enda opp som den fossile spøkjelseskysten.

65 Kameratar, fagrørsla må gå i front for det grøne skiftet! 100.000 klimajobbar no!
er Klimavalalliansen sitt krav. I det grøne skiftets namn: Engebøfjellet i
Sunnfjord må halda fram med å vera Engebøfjellet og ikkje dumpast i
Førdefjorden som gruveslam for kortsiktig vinnings skuld! I det grøne skiftets

70 namn: Rullebane II på Flesland er bakstreversk! Toget er framtida!
Monsterprosjektet ferjefri E 39 spenner bein på det grønne skiftet. Og i byen vår:
Måtte den mest miljøvenlege, byutviklande dagløyisinga verta traseen for bybane
mot Åsane!

75 Kameratar! I tolv år no har høgresida styrt Noregs vakraste by. Økonomien
kollapsar til liks med skulebygga som gjer skuleborn sjuke. Høgresidas politiske
medisin verkar ikkje. Lærarane får ikkje tida dei treng. Grunnbekvinninga i pleie
og omsorg aukar ikkje. Bustadkøen av menneske med utviklingshemming
minkar ikkje. Bydrift vert selt. Beredskapen kverv.

80

Barnevernsborn er på anbod. Heimehjelpa vert privatisert. Heimesjukepleien
vert privatisert. Kvinneres stillingar er deltid. Kvinneres løn er deltid. Kvinneres
pensjon er konkurranseutsett. Ein hjelpepleiar kan tapa opptil ein million på det
-- og den millionen endar som profitt hos investeringsselskap eller i
85 skatteparadis. SV foreslår i Stortinget at det skal verta ulovleg å kutta pensjonen
ved privatisering. Pensjon er tilsettes opparbeidde rettar og skal ikkje seljast på
børs!

SV går til val på at privatiseringa av kommunale tenester skal reverserast, avtale
90 for avtale. Marknadsrettinga av offentleg sektor må ta slutt! Me vil kosta
høgrepolitikken ut or Rådhuset -- og lufta godt! Me vil innføra ei tillitsreform
etter mønster av den SF-sosialborgarmeisteren i København har jobba fram. Me
vil gje dei tilsette tillit til å utøva sitt fag og sitt skjøn, kasta stoppeklokker og
oppløysa testregime. Me vil at Bergen kommune skal slutta med å utsetja seg for
95 sosial dumping --SV vil ha kommunale bekvinningscenter med fast tilsette i
heile stillingar. Det er berre heile stillingar som vil heva kvinneløna til likeløn.
Og kameratar, SV vil at det skal innførast prøveprosjekt med seks timars
arbeidsdag i Bergen kommune, langsiktig prøveprosjekt som kan gje kunnskap
medan LO vonleg tek kampen for kortare arbeidstid inn i tariffoppgjera. Snart
100 100 år etter at åttetimarsdagen vart innført er tida inne: Ta kampen for
seksstimarsdagen, kameratar!

Valet til hausten handlar om fridom. Meiner du det er eit kvinners
fridomsprosjekt å verta traffikert til strippeklubb i Bergen, då røystar du Høgre,
105 Venstre eller FRP. Meiner du at fridom for eldre, hjelpetrengjande menneske er
å kunna velja kva firma som skal gje deg heimehjelp og heimesjukepleie, då
røystar du Høgre og dei. Meiner du at fridom er å jobba midlertidige stillingar

110 og satsa på at pensjon og huslån kjem rekande på ei fjøl, då røystar du Høgre og
dei. Meiner du at fridom er å overlata til arbeidsgjevar å bestemma søndagen
din, då røystar du Høgre og dei. Meinar du fridom er at kvar kommune skal
bestemma om det skal vera søndag i kommunen, då stemmer du Venstre. Viss
du derimot meiner at fridom er å kunna byggja sitt liv med føreseieleg jobb,
115 føreseieleg inntekt, føreseieleg arbeidstid og eit samfunn som er bunde saman
ved at me organiserer oss slik at flest mogleg kan ha fri tid og sundag i lag, då må
du ikkje stemma på Høgre, FRP eller dei som vil hjelpe dei til makta. Og meiner
du attpå til at fridom skal vera for alle, at menneske i alle livsfasar skal få
kommunale tenester utan kommersens perverterte fridom, ja, då må du stemma
120 på SV og meg -- eller andre parti som du kjenner i hjarta ditt tek kampen for den
fridommen som ikkje har taksameter eller kassalapp på seg.

Sist, men ikkje minst: Barnevernsborn skal ikkje vera på anbod, men i kjærleik
og tryggleik!

125 Kameratar, det er 1. mai, det er arbeidarbevegelsens dag, det er dagen for
solidaritet over alle landegrenser. Fridom -- likskap -- solidaritet. Gratulerer med
dagen!

Kilde

130 Oddny Miljeteigs private arkiv

Emner

1. mai-tale, Arbeiderbevegelsen, Arbeidsliv, Samarbeid, Solidaritet

URI

135 <https://www.virksommeord.no/tale/fridom-for-alle>

140

145